

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
036/22	Formannskapet	PS	24.03.2022
020/22	Kommunestyret	PS	07.04.2022

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Asbjørn Nagell Toft	FA-Q89, HistSak-15/948	20/88

Kommunedelplan for trafikksikring for Austrheim kommune 2022-2030 - Godkjenning

Vedlegg

Kommunedelplan for Trafikksikring for Austrheim kommune 2022-2030

ALL Innspel til kommunal trafikksikringsplan 2022-2030

Solen og Førland Velforening - innspel veglys Solekrysset - Njøtevegen

Notat til trafikksikringsplan_10jan2022

Veilys kart...illustrasjon

Innspel_veglys Solekrysset_Njøtevegen

Solen og Førland Velforening - søknad om veglys - Solesjøen/Njøtetvegen

Uttale - Offentleg ettersyn - Austrheim - kommunedelplan for trafikksikring 2022-2030

Uttale til offentlig ettersyn av kommunedelplan for trafikksikring for Austrheim kommune 2022-2030

Trafikksikring Litlåsvegen ved Veltec og Myklebust området

bilde litlås industriområde.jpg

Framlegg til vedtak:

Kommunedelplan for trafikksikring for Austrheim kommune 2022-2030 vert godkjent med dei endringane som går fram av saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan-og bygningslova § 11-15.

I tillegg gjer kommunestyret vedtak om at dei trafiktryggingstiltaka som Austrheim kommune har fått tilskot til frå Vestland fylkeskommune i 2021 og 2022, skal gjennomførast i god tid før utgangen av 2022. Når tiltaka er gjennomførde, skal dette rapporterast inn til trafiktryggingsutvalet i fylkeskommunen.

Formannskapet - 036/22 - 24.03.2022

FS - behandling:

Avdelingsleiar plan Asbjørn Toft orienterte om saka, og sa at dette er ein plan som Austrheim kan

leva med ei tid framover.

Morten Sognnes (H) spurte om gangfelt frå Mongstadkrysset til Kilstraumen, og viste det har vore fleire stygge ulukker samt dødsulukker på dette strekket. Fekk svar om at det står på lista, frå Kilstraumen til Fønnes.

Per Lerøy (Ap) sa at det er sett opp ei liste over større, og ei over mindre tiltak, og at ein brukar desse aktivt for å visa at det er prioriterte tiltak i Austrheim, som ein så søker om tilskot til.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) viste til at Årås skule har jobba med trafikksikring sidan 2016.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Kommunedelplan for trafikksikring for Austrheim kommune 2022-2030 vert godkjent med dei endringane som går fram av saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan-og bygningslova § 11-15.

Kommunestyret - 020/22 - 07.04.2022

KS - behandling:

Ordførar Per Lerøy (Ap) orienterte om den nye kommunedelplanen for trafikksikring.

- Lerøy viste til at ein god plan gjer det lettare å få midlar til tiltak.
- Er også positivt for kommunen å ha status som trafikksikker kommune.
- Det er stor trafikk gjennom kommunen i samband med arbeidspending morgon og ettermiddag.
- Planen har to prioriteringslister, ei for små tiltak under fem millionar kroner, og ei for større tiltak over dette. Viktig å kunne visa til prioriteringsliste når ein skal søka om midlar.

Rikke Heldal Hope (H) sa at det er bra at kommunen har bedt om lågare fartsgrense, dette er aktuelt på fleire strekk der det går mykje skulebarn langs vegen. Hope ba om at det vart argumentert med tryggleiken for skuleborn, når ein ber om lågare fartsgrenser det det er skulevegar. Ordførar Per Lerøy (Ap) svarta at dette er eit argument som må med. Ein kan også venta auka trafikk når ny fylkesveg over Radøy er klar. Lerøy viste elles til at Statens vegvesen vil ha færrast mogleg endringar i fartsgrensene over eit strekk. Bilistane heldt fartsgrensene betre, når det ikkje er så mange endringar tett.

Monika Thorpe (Ap) sa at det er peika på rydding av sikt ved kryss. Her svarta ordførar Per Lerøy at kommunen tek noko sjølv. Tidlegare tok ein halve kommunen kvart år, men ser at det gror så raskt opp at det er best å ta dette kvart år.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at ein den overordna linja ein jobbar for er gang- og sykkelveg gjennom kommunen. Dyrkolbotn spurte om kva ein har fått midlar til, her svarta Lerøy at det er gitt midlar til ein snarveg frå Åråsfeltet ned til vegen i båthamna, der kommunen også vil prøva å ta gangvegen frå fylkesveg 565 forbi kunsthuset og opp til vegen inn i Åråsfeltet.

Per Lerøy (Ap) sa at det er viktig å gjennomføra prosjekt, og la fram eit framlegg til tilleggsvedtak. Når ein søker om nye midlar, er det viktig å ha truverd på gjennomføring.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa seg samd i at det er viktig å gjennomføra prosjekta.

Reidar Øksnes (Sp) spurte om tiltaka som er gjennomført langs Finnsvågen/Blomhaugane med høge støyvekantar, dette gjer vegen farlegare enn tidlegare.

Anette Kaland (Ap) spurte om Vardebrua, Per Lerøy (Ap) svarta at denne skal monterast i august og opnast i september. Helge Dyrkolbotn (KrF) gav honnør for arbeidet med Vardebrua.

Per Lerøy (Ap) sa om fotgjengarfelt, får ikkje gjennomført dette som trafikkisikringstiltak på veg med fartsgrense 50 km/t eller meir, skal vera 40 km/t eller oppheva gangfelt.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

Tillegget frå ordførar Per Lerøy (Ap) vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Kommunedelplan for trafikkisikring for Austrheim kommune 2022-2030 vert godkjent med dei endringane som går fram av saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan-og bygningslova § 11-15.

I tillegg gjer kommunestyret vedtak om at dei trafikktryggingstiltaka som Austrheim kommune har fått tilskot til frå Vestland fylkeskommune i 2021 og 2022, skal gjennomførast i god tid før utgangen av 2022. Når tiltaka er gjennomførde, skal dette rapporterast inn til trafikktryggingsutvalet i fylkeskommunen.

Saksopplysninger:

Formannskapet vedtok den 28.01.2021 oppstart av arbeid med **Kommunedelplan for trafikkisikring for Austrheim kommune 2022-2030**. Totalt kom det 21 innspel til planen frå offentlege, innbyggjarar og lag/organisasjonar i samband med planoppstarten. Oversikt av desse kan ein sjå i kommunedelplanen. Desse er delt inn som innspel på fylkesvegar og innspel på kommunale vegar.

Finansieringa av arbeidet har vore eigeninnsats og løyvde midlar på kr. 100.000 til arbeidet frå Vestland fylkeskommune. Kommunen sin gjeldande trafikkisikringsplan vart godkjent av kommunestyret i 2016. Denne nye kommunedelplanen vil danna grunnlaget for vidareføring av trafikktryggleiksarbeidet. Austrheim kommune har hatt ei arbeidsgruppa som har leia arbeidet, denne sette formannskapet ned i møtet den 28.01.2021. I denne har følgjande personar vore med:

Per Lerøy, ordførar i Austrheim kommune

Rolf Henning Myrmel, avdelingsleiar teknisk drift

Anita Soltveit, ungdomskoordinator

Bjørnar Fjellhaug, (kommunalsjef skule og oppvekst før han vart kommunedirektør)

Asbjørn Nagell Toft (plansjef)

Austrheim kommune leigde inn verksemda Norconsult for å bidra til planarbeidet fram til planforslaget kom på offentleg ettersyn. Verksemda oppdaterte naudsynt statistikk og samla inn relevant trafikkdata. Også utarbeiding av tiltaksliste med enkel kostnadsberekning og utarbeiding av eit komplett planforslag har vore Norconsult sitt arbeid. Planforslaget vart datert den 29.09.2021. Det har i planprosessen vore god dialog mellom arbeidsgruppa og konsulentfirma. I tillegg har FAU Årås skule, Årås skule, FAU Kaland skule, Kaland skule, ungdomsrådet, eldrerådet, ungdomsklubben, Austrheim vidaregåande skule og andre aktørar i Austrheim kommune bidrege aktivt i planarbeidet.

Kommunedelplan for trafiksikring for Austrheim kommune 2022-2030 har fram til 31.12.2021 vore ute på offentleg ettersyn. Det var formannskapet som den 21.10.2021 i sak 101/21 vedtok å leggja den ut. Planframlegget vart annonsert i lokalavis/heimeside/Facebook og ein del offentlege instansar og lag vart tilskrivne. Frist for merknadar til planforslaget vart sett til 31.12.2021. Nokon aktørar fekk utsatt frist for å kunne skriva merknaden sin ferdig. Det kom inn 5 merknad frå følgjande aktørar, alle merknadane er vedlagt i saka:

1. Austrheim Idrettslag. Merknaden er datert den 15.01.2022. Dei skriv mellom anna følgjande: *Innspel nr. 8 som gjeld kryssingspunkt ved Austrheim Samfunnshus er ikkje med vidare på prioriteringsliste. Her er det meld frå eit ønske om gangfelt. Me ser det er tatt til orientering, men me meiner dette må vera med vidare på prioriteringslista.*

Dei skriv til slutt:

Som trafiksikker kommune bør kryssingspunktet ved samfunnshuset bli prioritert med vidare på lista. Det er allereie veglys i området, og merking av overgangsfelt samt skilting bør vera mogleg å få tilrettelagt.

Austrheim kommune sin kommentar:

I drøftingar med Statens vegvesen om dette temaet så er konklusjonen at det vert falsk trafikktryggleik å merka synleg gangfelt over Fv. 565 her. Farten er 50 km/t og dei ynskjer ikkje gangfelt på slike stadar av omsyn til trafikktryggleiken. Austrheim kommune tek merknaden til orientering.

2. Solen og Førland Velforening. Merknadane deira er datert den 08.01 og 11.01.2022. Velforeininga har og lagt ved illustrasjonar på kart datert den 07.01.2022 som viser deira ynskje om plassering av veglys på Njøtevegen og Solesjøen.

Velforeininga skriv mellom anna følgjande for kommunale vegar:

1. Strekninga fra innkjøring til Solesjøkrysset er i dag for det meste mørklagt utan veglys. Tungtrafikk til Njøten plastindustri og renovasjonsbiler + stor auke i bobiltrafikk dei siste par åra, i tillegg til privatbiltrafikken gjer at dette er ein meget traffikert kommunal veg.

Skuleelevar i dette området er ikkje dekkja av skuleskyss og må difor gå til Solesjøkrysset for å ta skulebuss. I vinterhalvåret må skuleelvane i området gå ca 1 km på mørklagt traffikert veg. Vi ser ikkje at dette idag er ein sikker skuleveg.

Vi i Solen og Førland Vel meiner sikker skuleveg på denne strekninga må komma høgt på prioriteringslista til kommunen med tanke på kartlegginga og planene om veglysutbygging i

Austrheim.

2. Njøtevegen/Søre Njøten. Naustneset Vel hadde planlagt å senda innspel om veglys frå byggefeltet til snuplass for buss- ca 500 m. Ved ei misforståing vart dette ikkje sendt. A Bruger ber om at dette blir teke med i planen.

3. Veglys Leikvoll – tiltak 2.12 s.35. Dette er fylkesveg.

4. Fartsdemparane på kommunevegane bør merkast på lik linje med fylkesvegane.

5. Området utanfor idrettshallen. Sjå tiltak 2.2 side 35.

Austrheim kommune sin kommentar til følgjande merknadsnr. på kommuneveggar:

1. Austrheim kommune har som kommentar at strekninga fra innkjøring til Solesjøkrysset- Njøtevegen bør få veglys, dette tiltaket vil verta prioritert på rett plass i forhold til andre stadar utan veglys i kommunen. Dette i forhold til trafikkmengde, breidde på veg og tal gåande/syklende langs strekningen. Det vert teke med i planen.

2. Austrheim kommune har som kommentar at det på strekninga frå byggefeltet til snuplass for buss bør koma veglys, dvs på Njøtevegen/Søre Njøten. Det vert teke med i planen.

3. Austrheim kommune rettar opp i teksten/planen at tiltaket med veglys Leikvoll – tiltak 2.12 s.35 er på fylkesveg. Dette er kome på rett plass no i planen..

4. Austrheim kommune har som kommentar at fartsdemparane på kommunevegane bør merkast på lik linje med fylkesvegane. Dette vert teke inn i planen.

5. Austrheim kommune har som kommentar at området utanfor idrettshallen /sjå tiltak 2.2 side 35) er regulert og at tiltak her skal prioriterast og vera i tråd med reguleringsplanen for området.

Solen og Førland Velforening skriv mellom anna følgjande for Fylkeskommunale vegar:

1. Veglys i krysset Austrheimvegen – Solenvegen, ikkje Hjertåskrysset, tiltak 3.1 side 36.

2. Førland – søknad om 60 km/t fartsgrense. Innstillinga er 70km/t – tiltak 3.2. side 36. Me ber om at kommunen tilrår 60 km/t. Nyvegen over Radøy, 2024 vil medføre auka trafikk, også tungtransport, og føra til større risiko for ulykker.

3. Merking av farlege svingar. Dette gjeld svingen sør for Kjell Hope(ofte høg fart) og svingen ved avkjøringa til Solevegen. Me vil også peika på den «stygge» svingen ved Bakkøykrysset.

4. Vegkryssa i Åråsdaalen. Både krysset til Solevegen og Åråsfeltet(tiltak 3.10. side 36) har korte siktliner og det har vore mange «nære på ulykker». Kryssa kan enkelt gjerast tryggare ved å flytta kryssa(mot Samfunnshuset) Store greiner heng utover gang- og sykkelvegen og dels utover bilvegen i Åråsdaalen. Kan verta stygt dersom greiner fell ned. Kven har ansvaret?

5. Utkøyring frå seniorsenteret, kulturskulen og Nordliheimen. Dette er ei farleg utkøyring med mange eldre som brukar bil, og born på musikkskulen. Bør flyttast ned til hovudavkjøringa til

Nordliheimen.

6. Kommunen bør vurdere 60/70 km/t fartsgrense frå Øksneskrysset til Åråsfeltet. Dette vegstykket har gang- og sykkelfelt. Det er 2 avkøyringar – Austrheimfeltet og Samfunnshuset/idrettsbana- ved sistnemnde må folk som brukar gang- og sykkelvegen kryssa fylkesvegen. Idrettsbana(grasbane) vert mykje brukt av barn/ungdom i somarhalvåret. Kommunen bør vurdere eit fotgjengarfelt, som er godt merka med skilt, eventuelt også med fartsdemparar.

7. Det er for mange fartsskilt Sætre/Budal – Mastrevikkrysset. Den korte 60 km/t sona bør sløyfast.

Austrheim kommune sin kommentar til følgjande merknadsnr. på fylkevegar:

1. **Austrheim kommune sin** kommentar at det vert retta opp i kommunedelplanen at veglys er i krysset Austrheimvegen – Solenvegen, ikkje Hjertåskrysset, tiltak 3.1 side 36.

2. **Austrheim kommune** sin kommentar til søknad om 60 km/t fartsgrense ved Førland. Vår innstillinga er 70 km/t – tiltak 3.2. side 36. Austrheim kommune sin kommentar er at 60 km/t vil nok ikkje fylkeskommunen godta her, vår innstilling er difor som før at me prøver å får denne strekninga ned til 70 km/t. Austrheim kommune er samd i at den nye veggen over Radøy som opnar i 2024 vil medføra auka trafikk og føra til større risiko for ulykker. Me sender inn søknad om nedsetting av fartsgrense her innan våren 2022.

3. **Austrheim kommune** sin kommentar er at merking av farlege svingar i svingen sør for Kjell Hope og svingen ved avkjøringa til Solevegen og Bakkøykrysset vert teke inn i kommunedelplanen som eit tiltak her. Me sender inn søknad om skilt her innan våren 2022.

4. **Austrheim kommune** har som kommentar at me er samd om at vegkryssa til krysset til Solevegen og Åråsfeltet (tiltak 3.10. side 36) har korte siktlinjer og det har vore mange nære på ulykker her. Me ser at kryssa kan gjerast tryggare ved å flytta desse kryssa nærare Samfunnshuset, men områda må i så fall inngå i ein reguleringsplan først. Planarbeid her er ikkje prioritert i planstrategien, og må vurderast i neste kommunestyreperiode. Krattrydding kan hjelpe på sikta noko. Me tek merknaden til orientering.

5. **Austrheim kommune** har som kommentar at fylkesvegen ved seniorsenteret, kulturskulen og Nordliheimen skal få fortau, dette er det søkt om midlar til, og det er kome ei løyving på plass her i 2021/2022 her til dette arbeidet. Me tek merknaden til orientering.

6. **Austrheim kommune** ser det ikkje som naturleg at det vert 60/70 km/t fartsgrense frå Øksneskrysset til Åråsfeltet sjølv om dette vegstykket har gang- og sykkelfelt. Folk som brukar gang- og sykkelvegen kryssar fylkesvegen ein del stadar, ei 50 km/t her er fornuftig. Både idrettsbana og samfunnshuset vert mykje brukt av barn/ungdom heile året, det er og ferdsel til Joker og kyrkja her. Me tek merknaden til orientering.

7. **Austrheim kommune** ser at det er mange fartsskilt på strekninga Sætre/Budal – Mastrevikkrysset. Sidan dette er ein viktig pendlarveg på Fv. 565 bør ikkje den korte 60 km/t sona her skiltast ned til 50 km/t. Me tek merknaden til orientering.

3. **Statsforvaltaren i Vestland.** Merknadane deira er datert den 21.12.2021. Han skriv mellom anna følgjande:

Statsforvaltaren er positiv til at Austrheim kommune har utarbeidd ein trafikksekringsplan. Det er utarbeida ein tiltaksliste utifrå ulukkesstatistikk og registrering av utryggleik. Vi vil i tillegg tilrå kommunen å etablere system for registrering av nestenulykker og tilløp til ulykker for å få eit enda betre grunnlag for prioritering. Vi vil òg tilrå kommunen å etablere system for måling av effektar av gjennomførte trafikktryggingstiltak. Vil vil også tilrå at grunnlaget for prioriteringane og vurdering av måloppnåing kjem klarare fram i plandokumentet.

Austrheim kommune sin kommentar er at om me får større kapasitet og meir menneskelege ressursar så vil me vurderer å laga ein oversikt over nestenulykker. Måling av effektar av gjennomførte trafikktryggingstiltak er at det ikkje skjer ulykker her. Grunnlaget for prioriteringane og vurdering av måloppnåing kjem klart fram i plandokumentet og i saksutgreiinga.

4.Vestland fylkeskommune avdeling for infrastruktur og veg. Merknadane deira er datert den 01.12.2021. Dei skriv mellom anna følgjande:

Austrheim kommune er ein pilotkommune som trafikksekrer kommune, resertifisert i 2021, og har gjennom mange år gjort mykje godt trafikksekringsarbeid. Kommunedelplanen som no er til offentleg ettersyn er utarbeidd utan medverknad frå fylkeskommunen. I saksframlegget kjem det fram at de har hatt brei medverknad frå dei kommunale aktørane i samarbeidet knytt til trafikksekrer kommune. Det er positivt.

Vi saknar likevel medverknad frå andre etatar som er nemnt som samarbeidspartnarar i planen. Desse er Trygg trafikk, Politiet og Vestland fylkeskommune. Vi vurderer det slik at manglande medverknad frå desse har gjort at planen har blitt lite konkret. Ein god og heilskapleg trafikksekringsplan bør vere forankra hjå alle partar sin skal bidra til gjennomføringa av planen. Ettersom kommunen lenge har vore langt framme i trafikksekringsarbeidet, hadde vi forventa ein meir handlingskraftig plan som kan legge føringar for arealplanlegginga og det haldningsskapande arbeidet i kommunen. Vi saknar meir målretta tiltak mot organiseringa av trafikksekringsarbeidet og det haldningsskapande arbeidet i kommunen. I tillegg til å liste opp kva tiltak som blir gjort av andre etatar, bør der framgå meir konkrete tiltak som kommunen sjølv skal gjere.

Det er svært positivt at de koplar trafikksekringsarbeidet med folkehelsesatsingane i kommunen. Vi saknar likevel også i denne samanhengen breiare tiltak knytt til det haldningsskapande arbeidet og ikkje minst også vekt på organisatoriske tiltak. Det er heller ikkje laga kopling til Austrheim kommune si folkehelseoversikt. Kunnskapsgrunnlag utvikla av Norconsult bør koplatt mot denne. Kommunen skriv i planen, under kap. 1.1 Historikk: «Dei største utfordringane har vore forankring i alle kommunen sine ledd, samt finansiering av ikkje-fysiske tiltak.». Samstundes er det nettopp på desse to punkta at planen verkar svakast. Trafikksekringsplanen bør ha som ambisjon å vere eit styringsverktøy for heile trafikksekringsarbeidet. Ut frå skildringa av det pågåande haldningsskapande arbeidet verkar det som at dette arbeidet, og dei som har ansvar for gjennomføringa av det, ikkje har vore tilstrekkeleg involverte i planprosessen, som nemnt over. Kommunen forsikrar om at de tar haldningsskapande arbeid på alvor, og «arbeidar aktivt med å styrka det haldningsskapande arbeidet i kommunen». Fylkeskommunen vil oppmoda kommunen til å synleggjere dette i trafikksekringsplanen gjennom ein tydeleg plan og retning for det åtferdsretta og haldningsskapande arbeidet. Det vil også gi ein endå større legitimitet til dei gode tiltaka som vert gjennomført i dag, og styrka det haldningsskapande arbeidet inn mot kommunale budsjettprosessar.

Vidare er det breie trafikksekringsarbeidet som Trafikksekrer kommune legg opp til, ikkje synleggjort i særleg grad i planen. Dei tiltak, prosedyrar og prosessar som kommunen jobbar etter, kan med fordel kome tydelegare fram av plandokumentet. Trafikksekringsplanen kviler tungt på vegtiltak i innhald og oppbygging. Den breie tilnærminga som Trafikksekrer kommune gir til trafikksekringsarbeidet bør

tydelegare byggast inn i planen.

Oppsummering:

Vestland fylkeskommune vil oppmode om å gå ein runde til med dette plandokumentet. Dei største utfordringane med planframlegget slik vi ser det, er den manglande medverknaden i prosessen fram mot ferdig trafikkisikringsplan og at den ikkje har konkrete nok organisatoriske og haldningsskapande tiltak. Det er viktig at kommunen synleggjer at det å vere ein Trafikksikker kommune har konkret innverknad på kommunen sitt arbeid med trafikktryggleik.

Austrheim kommune sin kommentar:

Trygg Trafikk kom med gode innspel til oppstart av planarbeidet i sitt skriv den 16.02.2021. Dei skreiv mellom då: *Austrheim kommune er godkjent som ein Trafikksikker kommune, og me vil tilrå at ny plan framhevar korleis ein kan jobba vidare for å halda arbeidet varmt og korleis det heile kan vidareutviklast.* Vidare framheva Trygg Trafikk dette:

Kommunen bør utvikla konkrete og forpliktande trafikantretta tiltak, til dømes retta mot haldningar, åtferd, trafikkforståing og anna trafikkopplæring. Kommunen bør jobba på tvers med aktuelle sektorar og etatar og sikra medverknad frå aktuelle grupper. Om barn og unge er ei satsingsgruppe, kan medverknad i ein slik prosess i seg sjølv ha ein positiv verknad på haldningar og trafikkforståing. Det vil vera ei styrke om dette arbeidet vert godt forankra ikkje berre på toppleiarnivå, men også ut i aktuelle ledd i organisasjonen. Trygg Trafikk vil oppmoda kommunen om å nytta eigne forum, som t.d. ungdomsråd, råd for personar med funksjonsnedsetting og eldreråd, til å diskutera trafikktryggleik, med mål om å spreia kunnskap, få innspel, sikra medverknad og utvikla gode haldningar hjå innbyggjarane.

Trygg Trafikk vil oppmoda kommunen til å innarbeida relevante tiltak i planverk og verksemd for å følgja opp nasjonale mål for trafikktryggleik.

Vestland fylkeskommune kom med gode innspel til oppstart av planarbeidet i sitt skriv den 18.03.2021 og då skreiv dei mellom anna følgjande: *Det vil vera ein fordel om planprosessen er forankra i politisk og administrativ leiing, og vidare ut i dei ulike ledda i organisasjonen som saman skal bidra i trafikkisikringsarbeidet.*

Medverknad var og tema her: *Medverknad er viktig for å gi planen legitimitet, både hjå innbyggjarar og politikarar. Og ikkje minst er medverknad viktig for dei som får moglegheita til å bli høyrd. Særleg er det viktig å sikra medverknad frå dei som er målgruppene i ts-arbeidet dykkar.*

Rus, høg fart og manglande bruk av bilbelte er faktorar vi finn att i mange av dei alvorlege ulykkene i landet. Å jobba for ei betre åtferd blant trafikantane våre er eit felles arbeid der kommunane sin innsats er viktig.

Vi vil råda til å prioritera tiltak på vegar som er viktig for barn og unge, som tilkomst til skule og idrettsanlegg. Det er eit nasjonalt mål at åtte av ti elevar skal gå eller sykla til skulen, og då må vegane vera lagt til rette for desse reisealternativa. Samstundes er det viktig å arbeida med haldningar og åtferd. Køyring av barn til og frå skulen skapar trafikkfarlege situasjonar ved mange skular.

Kommunen kan gjennom si rolle som arealforvaltar i stor grad sjølv påverka trafikktryggleiken ved å unngå utbygging i område langt unna viktige målpunkt og/eller utan infrastruktur for mjuke trafikantar. Det sikrar tryggare ferdseil til fots og på sykkel. Det bør også stillast rekkjefølgjekrav til utbyggjarar som sikrar trygge tilhøve for mjuke trafikantar. Det er viktig å sikra naudsynt areal til gang- og sykkeltiltak langs vegnettet, særleg der barn og unge ferdast.

Austrheim kommune meiner at innspela både frå Trygg Trafikk og fylkeskommunen på ein god måte er teke inn i kommunedelplanen. Pandemien har nok gjort at det har vore vanskeleg for fagfolk å møtast i høyringsperioden hausten 2021, det gjeld og planlagte folkemøte om temaet som vart avlyste. Men fagfolka i kommunen innafor dette arbeidet, både lærarar, ungdomskoordinator, *avdelingsleiar teknisk drift* (vegssjef i kommunen), ordførar, planssjef og kommunalsjef skule/oppvekst har delteke aktivt i dette planarbeidet. Dette saman med konsulentar og fagfolk i verksemda Norconsult. Til saman har desse stor kunnskap om både haldningsskapande arbeid og fysiske ts-tiltak. Medlemmer i arbeidsgruppa har og i planprosessen søkt og fått midlar til både fysiske ts-tiltak og til haldningsskapande arbeid i Austrheim kommune. Etter søknad om tilskot til lokale trafikktryggingssarrangement - første tildeling 2022 i Trafikktryggingssutvalet den 10.01.2022 fekk Austrheim kommune tildelt 95.000 kroner til arrangementet **Trafikksikring i Austrheim – frå barnehage til vaksen**. Det haldningsskapande arbeidet har såleis starta godt i 2022 og gode haldningsskapande tiltak er no kome med i kommunedelplanen.

Austrheim kommune meiner me har fått med oss det vesentlegaste i merknaden til Vestland fylkeskommune. Me vil og framheva den gode medverknaden me har hatt i Austrheim kommune i planprosessen. Det gjeld dialog som medlemmer i arbeidsgruppa har hatt med bussjåførar, elevar, foreldre, ungdomsrådet, FAU, Eldrerådet, Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, privatpersonar og bygdelag/velforeiningar, totalt 21 innspel og til slutt 5 merknadar. Arbeidsgruppa har vore på synfaringar og møtt folk både heima, langs vegar og på skular/barnehagar. Det er vorte halde 6 møter i arbeidsgruppa. Det er ikkje naudtynt å gå ein runde til med dette planarbeidet.

Det er viktig for Austrheim kommune å få ein levande kommunedelplan slik at arbeid med åtferd, haldningar, men og fysiske tiltak for å betre trafikktryggleiken vert gjennomført. Dette arbeidet er i dag godt forankra i kommuneleiinga, men og i den politiske leiinga i kommunen. Austrheim kommune er godkjent som ein Trafikksikker kommune og me vart resertifisert i 2021. Såleis er dette arbeidet noko som ligg i ryggraden vår, både hjå tilsette og hjå mange innbyggjarar. Kommunen har 2900 innbyggjarar, men det er mykje trafikk gjennom kommunen som går til og frå Mongstad, Gulen og Fedje, men og til nabokommunane vår i sør, Alver og Bergen. Det viktigaste større t/s tiltaket no er å byggja heile eller deler av den regulerte gang-og sykkelvegen frå Mastrevik mot Kilstraumen på Fv. 565. Også rundkøyringa med g/s ved Leirvågkrysset er det viktig å få på plass.

Kommunedelplanen er vorte endra på ein del punkt etter at den har vore på offentleg ettersyn. Den er no vorte ein meir handlingskraftig plan som legg klare føringar for arealplanlegginga og det haldningsskapande arbeidet i kommunen. Den er og vorte meir målretta med tiltak for ein god organiseringa av trafikksikringsarbeidet og det haldningsskapande arbeidet i kommunen. Det er og kome med konkrete tiltak som kommunen sjølv skal gjere. Kommunedelplanen er no vorte konkret nok både på det organisatoriske og dei haldningsskapande tiltaka.

5.Lars Ivar Thorsen. Merknadane hans er datert den 18.11.2021. Thorsen skriv mellom anna følgjande: *Se vedlagt bilde, dette er veien mellom Veltec og Myklebust området, dette har alltid vært et utfordrende område trafikksikringsmessig, utfordrende for myke trafikanter å ferdes her, spesielt da skolebarn. Det mangler gangfelt, dårlig belysning deler av område.* Han skriver også at: *Parkeringsplasser er ikke i samsvar med antall biler/personell i området.* Thorsen ynskjer gangfelt her og lys ved gangfelt.


Austrheim kommune sin kommentar: Kommunen hadde kontakt med Veltec etter denne merknaden kom inn. Det vart gjennomført synfaring her og saka vart drøfta med verksemda Veltec.

Veltec svarte kommunen i e-post følgjande den 24.11.2021: *Veltec er svært bevisst på at trafikkbilde i*

og rundt rundkjøring er svært høy noe som er naturlige forhold til næringsliv og aktivitet på Mongstad. Myke trafikanter er godt ivaretatt fra Mongstad rundkjøring og mot Fønnes. Motsatt vei er det heller dårlig forhold både i forhold til gang og sykkelvei og fotgjengerfelt i et område med mye tung trafikk.

Veltec har gjennomført tiltak i forhold til parkering ved å låne ekstra område til avlastnings parkering vekk fra det mest trafikkerte området. Tung transport skal fortrinns vis følge Mongstad veien, forbi Litlås veien og ta inn ved verkstedet til Westpiping og tilbake bakvei inn for vareleveranse Hos Veltec. Veltec har gitt Equinor tilbakemelding om stor trafikk belastning i området. Veltec har kjennskap til at grunneier tidligere har hatt god dialog med kommunen. Veltec mener derfor at denne henvendelsen som går på trafikk sikring må gå til grunneiere i gjeldende område.

I samband med rekkefølgekrav i reguleringsplan for **Mongstadporten aust gbnr. 130/93, planid. 2014003** må det gjennomført tiltak knytt til gangveg før ny utbygging kan skje. Planen vart godkjent i kommunestyret den 28.06.2016. Føresegn for området er: **Gang-- og sykkelveg o_GV1 må være bygd før det blir gitt igansettingstillatelse til nye bygg i planområdet.**



Plankart over området viser regulert gangveg og anna infrastruktur

Austrheim kommune tek elles merknaden hans til orientering.

Vurdering:

Kommunedirektøren er glad for at forslag til **Kommunedelplan for trafikksikring for Austrheim kommune 2022-2030** no er klar til å godkjennast. Arbeidsgruppa har drøfta og handsama merknadane som er kome inn, den oppdaterte kommunedelplanen viser prioriteringane av desse. Nokon merknadar er teke til orientering, desse er vist under **Austrheim kommune sin kommentar** til merknadane over.

Trafikktryggleikstiltak i denne planen skal innarbeidast i økonomiplanen. Samtidig skal tiltak som går over fleire år, samt tiltak med oppstart i handlingsplanperioden prioriterast i budsjettet kvart år frå

2022 til og med 2030. Kommunedirektøren har saman med einingsleiarar ansvaret for å innarbeide utgiftene innanfor sine budsjettområde. Kommunedirektøren vil peika på at arbeid med trafikktryggleik for alle er eit viktig folkehelseiltak. Denne kommunedelplanen har fokus på helseperspektivet som er eit satsingsområde for kommunen. Utfordringa for det kommunale trafikktryggleiksarbeidet er å få satt temaet på den politiske dagsorden. Det er viktig å sikre at trafikktryggleiksplanen blir følgt opp og at tiltaka vert gjennomført framover. Under utarbeiding av Austrheim kommune sine kommunedelplan her har samordning med overordna regionale og statlege planar vore i fokus.

Kommunedirektøren vil understreka at Austrheim er pilotkommune som trafikksikker kommune, kommunen vart resertifisert i 2021, det forpliktar oss framover. Målet vårt er 0-visjonen. Nullvisjonen er at det er moralsk og etisk uakseptabelt at folk vert drept eller hardt skadd i trafikkulykker. Kommunedirektøren synes kommunedelplanen for trafikksikring er godt gjennomarbeid. Det at alle innspela oog merknadane er drøfta i arbeidsgruppa på ein god og grundig måte er viktig i slike planprosessar. Det er og positivt at ungdommane er teke med på råd i dette planarbeidet, dei har kome med mange innspel. Prioriteringane er drøfta og konklusjonane i arbeidsgruppa har verksemda Norconsult teke inn planforslaget. Det same har arbeidsgruppa gjort etter at planen har vore på offentleg ettersyn og som no er klar til godkjenning.

Utifrå ulykkesstatistikk og registrering av utryggleik er det utarbeida ei tiltaksliste for planen. Dette er både fysiske og haldningsskapande tiltak. Kommunedirektøren synes denne er god og oversiktleg. Det er og positivt at tiltak i forrige trafikksikringsplan er med, der det også er ein oversikt over kva status er for tiltaka som har vore med her. Effekt av ulike tiltak og kostnader av ulike tiltak er og på ein god måte vist i planforslaget. Statistikken over ulykkene i Austrheim kommune syner at rundt 75 % av ulukkene er utforkøyrings- og møteulukker. Dette tyder på at det ikkje er enkeltpunkt/kryss som er særskilt utsett. Heller er det trafikantane sjølv som truleg er hovudårsaka til ulukkene. Dette stemmer godt overeins med forskning frå landet elles.

For å betre åtfærd blant trafikantane bør kommunen difor også sjå på ikkje-fysiske tiltak. Dette er først og fremst haldningsskapande arbeid i form av opplæring og informasjon. Haldningsskapande tiltak er også svært viktig for andre grupper enn sjåførane. Særskilt viktig er det at born og ungdom lærer seg gode trafikkvanar. Frå 2022 år legg ungdomsskulen opp til valfaget **Trafikk**. Dette er eit viktig steg i haldningsarbeidet opp mot ungdom. Kommunedirektøren synes det er positivt at det som vert gjort i kommunen er kome med på ein god måte under kap 5.5.1.

Austrheim kommune har ei viktig rolle i trafikksikringsarbeidet som vegeigar, barnehage- og skuleeigar, arbeidsgjevar, kjøpar av transporttenester, samt ansvarleg for innbyggjarane si helse og trivsel. Kommunedirektøren vil framheva at kommunen i lengre tid har arbeida systematisk med trafikksikringsarbeidet. Me har i samarbeid med Trygg Trafikk blitt godkjent som Trafikksikker Kommune. Dette betyr at alle delar av organisasjonen skal arbeide med trafikksikringsarbeidet og ha rutinar og system som varettek trafikktryggleiken i organisasjonen.

Det er og viktig at Austrheim kommune aktivt framover søkjer om midlar til trafikksikringstiltak, men og utfordrar statlege og fylkeskommunale instansar til å prioritera slike tiltak både økonomisk og ressursmessig framover. Ein slik kommunedelplan vert laga for å få på plass handling som bidreg til betre trafikktryggleik for alle i Austrheim kommune. Tiltak som er kome med etter merknadshandsaminga er no teke inn i kommunedelplanen. Kommunedirektøren meiner at Kommunedelplan for trafikksikring for Austrheim kommune 2022-2030 datert 24. mars 2022 kan

godkjennast slik den ligg føre.

Konklusjon:

Kommunedelplan for trafiksikring for Austrheim kommune 2022-2030 datert 24. mars 2022 kan godkjennast.